

Endeleg kan vi reise igjen

Nokon av dei som har hatt det mest vanskeleg dei siste to åra er reiselivsbransjen. Kristen-Norge sitt eige reiselskap, Plussreiser har hatt mange tunge og vanskelege dagar desse to åra, men no er det endeleg lov å reise igjen. Vi har teke ein prat med dagleg leiar Aud Kindervåg Halsne.

Kva betyr det for Plussreiser at det nå er lov å reise igjen?

– Det betyr veldig mykje. Det skaper optimisme og reiselyst, og det skaper evne til å kunne reise. Så det var ein veldig god dag for oss nå når det vart åpna opp att.

Korleis har det vore for Plussreiser desse to åra?

– Det har vore veldig spesielle år. Vi måtte ta ned omtrent alle turane vi hadde planlagt. Så trudde vi det kom ein opning, men så måtte vi ta ned det vi hadde planlagt da også. Så det har vært krevende. Men heldigvis har vi fått gjennomført ein god del fine turar i Norge, og vi fekk også midlar frå Innovasjon Norge til å arbeide med omstilling, slik at vi kunne i denne tida kunne heve kompetansen i selskapet, og fokusere meir på turar innanlands. Men det har likevel vore veldig lite aktivitet i forhold til det som selskapet har til vanleg.



Aud Kindervåg Halsne her nett vore i Oberammargau og besøkt hallen kor pasjonsspelet vert sett opp

Rett før pandemien hadde Plussreiser lagt opp til om lag 50 turar til Pasjonsspelet i Oberammargau. Så vart heile spelet utsatt i to år og alle turane vart avlyst. Men no ser det ut for at både spel og turar kan gjennomførast i 2022. Kva planer har Plussreiser på det området?

– Det var veldig tungt å måtte avlyse alle desse turane, og det var også tungt for folket i Oberammargau å måtte utsette spelet. Men no er det klart for spel i 2022, og eg har nettopp vore i Oberammargau og der er det stor optimisme og dei er klare for å gjennomføre pasjonsspelet som planlagt. Det kan bli nokre restriksjonar i form av at ein kan måtte bruke munnbind i deler av området, men førebuing går som planlagt og spelet vil bli like flott som før.



Kor mange turar planlegg Plussreiser til Oberammargau i 2022?

– Vi har sikra oss billetter slik at vi kan gjennomføre 22 turar. Det er ikkje sikkert vi vil klare å skaffe oss fleire billetter, så her er det viktig å vere ute i god tid og sikre seg plass. Dei første turane går allereie i mai, og fleire av turane er utselt. Så ønskjer du å få oppleve dette fantastiske spelet må du vere snar og sikre de plass.

Plussreiser har jo også mange turar til Israel, kor lenge er det før de igjen kan tilby turar dit?

– Vi skal ha to skulegrupper nedover no i haust, og Israel vil opne att i slutten av september. Så frå vinteren 2022 regnar vi med turane våre skal gå som normalt

også til Israel. Israel vurderer no om dei skal slutte seg til EU sine reisereglar, og da er vi klare til å reise.

Du er klar til å ta imot mange påmeldingar til turar framover hausten og vinteren?

– Ja, vi er klar. Det er bare å ga til datamaskinen eller telefonen og kontakte oss og meld deg på. Vi trur også at i ei tid framover no etter pandemien vil det vere ein stor fordel for mange å reise på ein gruppetur med reiseleiarar som kan ta hand om ulike ting som måtte oppstå. Så vi er klare til å ta imot påmeldingar, og vi er klare til å reise.

//// **Tekst:** Arild Ove Halås

//// **Foto:** Aud Kindervåg Halsne

Ikke revolusjon, bare litt endring?



Johan Halsne

Krinsleiar

ImF Sunnmøre ////

Vi skriver alt oktober måned og av ting som har skjedd ned gjennom historien knytta til denne måneden kjenner vi blant annet Oktoberrevolusjonen. Det var den væpnede oppstandelsen som ble innledet i Petrograd (nå St.Petersburg) 7.november 1917 av bolsjevikene mot regjeringen Kerenskij. Etter gammel russisk tidsregning (den julianske kalender) var dette 25 oktober. Derav navnet.

I siste del av august gjennomførte vi i regi av Imf Sunnmøre fire kontakt og informasjonsmøter på ulike plasser i kretsen. Hensikten med disse møtene var å best mulig informere flest mulig om status i det pågående arbeid i kretsen knytta til organisasjonsprosessen i Imf. Enda viktigere enn å informere de fremmøtte knytta til status, var det å få innspill og tilbakemeldinger fra de som møtte opp på møtene. Spørsmålet som ble stilt var: "Hvordan skal vi nå vår samtid med evangeliet?" Hva er der av endringer vi bør gjøre, både lokalt, på krets nivå og i Imf sentralt. Det var en oppmuntring at så mange møtte frem på disse samlingene og deltok med konstruktive innspill.

Tema for årsmøte i Imf Sunnmøre 2021 var: "Fremover" Det er et uttrykk for at vårt fokus i arbeidet skal handle om de dager som kommer. Hvordan skal vi satse, og hvor skal vi

satse, for at flest mulig skal lære Jesus å kjenne i vår tid? I en slik prosess må vi være villige til å gjøre endringer som både smerter og utfordrer oss. Dette kan være en svært krevende øvelse for mange, spesielt når det berører et arbeid som en har stått i et helt liv.

I Imf Sunnmøre skal alle kjenne en trygghet for at de endringer vi må gjøre skal være forankret i en demokratisk prosess, og at de er påvirket nedenfra og oppover i organisasjonen.

Trenger vi en revolusjon, eller "bare" litt endring?

Spørsmålet er: Trenger vi en revolusjon, eller "bare" litt endring?

I den prosessen vi er skal vi gjerne be om å få ha et fokus som Paulus, slik vi leser det i Filipperne kapittel 3 og versene 13 og 14: "Men ett gjør jeg: Jeg glemmer det som ligger bak og strekker meg ut etter

det som er foran, og jager mot målet, til den seiersprisen som Gud har kalt oss til der ovenfra i Kristus Jesus"

Her snakker vi ikke om en endring, men en revolusjon!

Da vil både vi selv og de vi møter få en opplevelse av oktoberrevolusjon

REISERUTA IMF SUNNMØRE

Johan Halsne: 17.-21.10: Plussreiser, 29-31.10 Giske, 31.10: Brattvåg, 01.11: styremøte, 03.-04.11: Hjørungavåg, 05.-07.11: Lederkonferanse, 10.11: Ulsteinvik, 28.11: Godøya, 13.12: styremøte

Arild Ove Halås: 28.-29.10: Sjøholt, 31.10: Skodje, 28.-31: Sjøholt, 29.10: Radiomesse

Marie Gudmestad: 22.-24.10: Pit Stop, 29.-31: Orrenesleikane, 5.-7.11: Lederkonferansen, 09.11: Remøy og Frøystad, 12.11: Ellingsøya, 20.11: Konfu, 24.11: Hundeidvik, 26.11: Vigra, 04.12: Konfu, 05.12: Hundeidvik, 06.12: Respons

Jarle Berland: 12.-14.11: Søvik, 25.-28.11: Gjerdsвика, 09.12: Spjelkavik

Aud Karin K. og Ragnar Ringvoll: 21.-24.10: Valderøya

Anbjørn Walderhaug: 19.10: Tennfjord og Slyngstad, 21.11: Blindheim

Odd Asbjørn Nybø: 03.11: Lepøy

Markus Røsvik: 19.12: Blindheim

Kjell Furnes: 04.11: Valldal, 07.11: Blindheim, 12.-14.11: Skodje, 24.11: Åmdal

Irene Krokeide Alnes og Marit Stokken Berland 24.-28.11: Stranda, 01.-05.12: Berge

Helge Dimmen: 28.11: Sykkylven

Jostein Mulelid: 26.-28.10: Volda, 31.10: Sykkylven, 07.11: Stranda

Gudrun Longva: 28.11: Blindheim

Kåre Magne Remmen: 12.12: Blindheim

Solfrid Ulstein Riise: 27.10: Åmdal, 07.11: Spjelkavik

Anders Bjørnerem: 17.10: Blindheim

Svein Folde: 31.10: Volda

Arvid Ødegård: 30.10: Hundeidvik

Kristine Solstad: 01.11: Brattvåg, 09.11: Frøystad/Remøy, 13.-14.11: MINI-leir Brusdalsheimen

Hilde Giske Lukkedal: 06.11: Ulsteinvik, 13.-14.11: MINI-leir Brusdalsheimen, 19.-20.11: Julemarked Brusdalsheimen, 30.11: Emblem

ORGAN FOR IMF SUNNMØRE

Krinsleiar ImF Sunnmøre

Johan Halsne

Heimemisjonen

Redaktør: Johan Halsne
Postboks 7836 Spjelkavik,
6022 Ålesund
Tlf. 70 17 86 70

Fax. 70 17 86 69

Bankgiro: 3000.15.31235

E-post: sunnmore@imf.no

Internett: www.imfsunnmore.no

ImF-UNG Sunnmøre

imfung-sunnmore.no

Brusdalsheimen

Telefon: 70 27 45 53

Bankgiro 3900.31.17255

Orreneset Misjonscenter

Telefon: 70 25 07 56

Bankgiro: 4045.07.07211

Daggry barnehage

Telefon: 70 18 24 97

Bankgiro: 3000.21.36682

Ålesund Folkehøgskule

Telefon: 70 17 76 00

Bankgiro: 8220.02.20788

Møre Ungdomsskule

Telefon: 70 17 66 70

Bankgiro: 8220.02.80287

Møre barne – og ungdomsskule Skodje

Telefon: 40 29 36 41

Bankgiro: 3000.32.36796

Møre barne

- og ungdomsskule Herøy

Telefon: 70 08 05 50

Bankgiro: 3000.18.45655

Begravelsesbyrået

Sunnmøre A/S

Telefon: 70 17 86 60

Vakttelefon: 90 86 38 56

Plussreiser AS

post@plussreiser.no

Telefon: 70 17 90 00

www.plussreiser.no

Radio Sunnmøre

Telefon: 70 15 41 00

Bankgiro: 3900.21.10311

www.radiosunnmore.no

Stå saman og gå saman – til støtte for forfølgde kristne



Ole Lilleheim vere gjest frå ÅD.

Kvar haust vert det arrangert fakkeltog i fleire norske byar, i regi av Åpne Dører og Stefanusalliansen.

Dette er tverrkyrkjelege arrangement, der vi i fellesskap løftar opp situasjonen til forfølgde

sysken. I Møre og Romsdal er det heile fire fakkeltog denne hausten, og først ute er Fosnavåg 26.10. Deretter fylgjer Ålesund 27.10. og Molde 28.10. I Kristiansund vert faklane tende 18. desember.

Årets tema er: «I fangenskap for sin tro». Mange tusen kristne sit fengsla for si tru, og fleire sit i fangenskap på andre måtar. Kanskje er dei kidnappa, bortført – eller tvungen til konvertering og ekteskap. Eller kanskje er dei fanga i sin eigen heim. Vi har historier om kristne som bokstaveleg tala er «lenka fast» heime, berre fordi dei har møtt Jesus og trur på han – i motsetnad til resten av familien. Det er desse vi vil vise vår støtte til under fakkeltoga denne hausten. Vi vil stå opp for dei som deler vår tru, men ikkje har den same fridomen til å leve den ut.

I **Hebr 13,3** står det: «Kom i hug dei som sit i fengsel, som om de sat i lenkjer saman med dei. Og tenk på dei som blir mishandla,

som om det gjaldt dykkar eigen kropp.» Oppmodinga frå Guds ord er klar: Hugs på dei! I Ordspråka 31,8 les vi om å late opp munnen for den som ikkje sjølv kan tale. Dette er fakkeltoga ei flott muligheit til. Å ta ut vårt engasjement for forfølgde kristne i det offentlige rom, vise at dei ikkje er gløymde og vere ei stemme for dei. Dette er vi fri til – og det er inga sjølvfølge. La oss bruke anledninga medan vi har den!

I Fosnavåg, Ålesund og Molde vil Ole Lilleheim vere gjest frå ÅD sentralt. Frå regionen deltek Helge Åkernes og Olaug Lillian Bjørke. Elles deltek gode lokale krefter både når det gjeld song og musikk, appell og forbøn. Dette blir flotte kveldar som lyser opp i haustmørket – både utandørs og innandørs. Du er varmt velkomen til å vere saman med oss, og inviter gjerne med deg nokon frå di forsamling / ditt nærmiljø. Det er flott om vi kan bli mange som står saman denne veka, til støtte for

våre sysken. Det er ein rikdom å møtast frå ulike forsamlingar og kyrkjer, og samlast om ei sak som sameiner oss: Vår verdsvide familie, der mange lid for trua si på Jesus. Vi håper å sjå akkurat DEG i lyset frå faklane!

//// **Tekst & foto:** Olaug Lillian Bjørke

FOSNAVÅG

26.10. kl 18:00 Oppmøte i sentrum ved Frikyrkja. Påfølgjande samling i Herøy kyrkje.

ÅLESUND

27.10. kl 18:30 Oppmøte ved Paviljongen i gågata. Påfølgjande samling i Ålesund kirke.

MOLDE

28.10. kl 18:30 Oppmøte på rådhusplassen. Påfølgjande samling i Molde domkirke.

KRISTIANSUND

18.12. Følg med lokalt for meir detaljert program.

Nytt frå krinsen

Krinsstyret

Krinsstyret har hatt sitt første møte etter årsmøtet på Sjøholt. Helge Dimmen heldt fram som formann i styret. Leif Steinar Alnes er vald til nestleiar.

Åheim Misjonshus

Misjonshuset på Åheim blei lagt ut for sal i slutten av september og er no seld for kr. 550 000,-. Det var eit lokalt firma som kjøpte huset. ImF Sunnmøre har ansvar for å tømme huset slik at det er klargjort for sal seinast i løpet av november. Så viss nokon vil gje ei hjelpande hand ein dag, så ta kontakt med krinskontoret.

Årsmøte i Sunnmøre Imf

Dei frammøtte ved årets årsmøte i Sunnmøre ImF fekk oppleve den flotte Sjøholt Folkehøgskule tysdag 14. september. Årsmøtet såg ut til å bli eit ordinært årsmøte, før generalsekretær Erik Furnes la fram ein enorm kostnadsprekk på budsjettet til skulen og ba årsmøtet selje leirstadane i krinsen for å dekke delar av kostnadane.

Årets årsmøte såg ut til å bli eit ordinært årsmøte for Sunnmøre ImF, då 77 utsendingar var samla tysdag 14. september på Sjøholt folkehøgskule. Nye styremedlem vart klappa inn i krinsstyret, og gamle vart takka av. I tillegg fekk Arvid Lukkedal takk for si vel tjue års reise tilsett på Brusdalsheimen leirstad, og Marit Vingen fekk takk for si lange og tru teneste i 44 år som tilsett i Sunnmøre ImF.

Nye medarbeidarar i ImF Ung Sunnmøre

Marie Gudmestad har starta som ny barne- og ungdomsarbeidar i krinsen denne hausten. I tillegg så vil Hilde Giske Lukkedal og Kristine Solstad ta ein del oppgåver i barnearbeidet i krinsen dette året. Frå 1. november går Mathias Lindgren Muleid inn i ei 30% stilling som vikarierande leiar for ImF Ung Sunnmøre. Randi Fagerhol Lauvås går då ut av denne stillinga men vil ta nokre enkeltoppgåver i barne- og ungdomsarbeidet etter avtale. Mathias er godt kjent i krinsen etter å ha vore ungdomsarbeidar i fleire år, han er no tilsett i ei 70 %

Det nye krinsstyret i Sunnmøre ImF er: Leif Steinar Alnes, Linda Austnes, Odd Kåre Nålsund, Mathias Riise, Helge Dimmen, Jan Løkkeborg og Ole Per Storhaug. Varamedlem er: Knut Aarsund, Marit Sæverud Nybø, Kåre Magne Remmen og Reidar Halvard Muren.

Avrunda med informasjon frå sentralt hald

Det heile vart avrunda med ein informasjonsbolk ved generalsekretær i Indremisjonsforbundet (ImF), Erik Furnes, om ei omorganisering som ImF no har halde på med sidan dei to siste åra. Denne prosessen føregjeng i dei ulike krinsane i mindre grupper, og skal samanfattast til kva retning ImF skal gå under Generalforsamlinga i 2023.

Itillegg avslutta Furnes med å fortelje frå eigarstyret til den nye Sjøholt Folkehøgskule, som nyleg har fått ei enorm kostnadsoverskriding på eige budsjett. Budsjettet var etter nye og reelle prosjekteringar starta på 65 millionar for eit par år sidan, og kostnadane på prosjektet er i august 2021 kome på 103 millionar kroner. Det som moglegeins kom som ei endå større overrasking



Kristine Solstad (t.v.) og Marie Gudmestad

stilling som ungdomsarbeidar i Misjonssalen.

Nytt vaktmesterpar for Brusdalsheimen og Orreneset

Elsa og Jonny Magnar Hatlehol er tilsett i ei 40 % stilling som vaktmesterpar for både Brusdalsheimen og Orreneset. Elsa vil ha det meste av si tid på Brusdalsheimen og Jonny Magnar på Orreneset. Vi ynskjer dei velkomen inn i arbeiderflokken vår.

//// **Tekst:** Arild Ove Halås

//// **Foto:** Randi Fagerhol Lauvås



Marit Vingen vart takka for lang og tru teneste på årsmøtet i ImF Sunnmøre

frå Indremisjonsforbundet og eigarstyret til folkehøgskulen, var å be årsmøtet om å vedta eit sal av ein eller fleire leirstadar for å dekke inn noko av kostnadane til skulen. Det vart ikkje lagt opp til samtale etter at forslaget vart lagt fram, men møteleiar avrunda på ein roleg

måte årsmøte ved at forslaget er teke til orientering og skal takast med vidare.

Neste årsmøte vert i 2022 på Ålesund Folkehøgskule.

//// **Tekst & foto:** Ragnhild Kristine Vartdal Espelund

Radiomesse

2021

Kjære gode radiovener og Radiomessevenner for Radio Sunnmøre!

På grunn av den uforutsigbare smittesituasjonen i landet vårt, tør vi ikkje gå for ei vanleg Radiomesse heller i år. Men, vi ynskjer å satse på suksessen frå i fjor; **DIGITAL RADIOMESSE FREDAG 29.oktober. Vikakroken (studio) blir utsal, og radiosending heile dagen.**

Vi håpar at du vil hjelpe oss med frysevarer og ferskvarer av gjærbakst, lefser og kaker. Aniskringler, Ambrosiusbrød, Havrekjeks, Fylte horn, små skuffekaker/krydderkaker, kjeks, småkaker eller anna etandes. Her er vi opne for forslag. Og mykje kan bakast i god tid og frysast ned. Eller om du kan levere ferskvarer same dag, så er det også veldig kjekt.

Og ikkje minst, men aller viktigast, LEFSER. Kan vi få til fleire lefsedugnader rundt om på Sunnmøre i år?-

Vi blir også svært takksame for gevinstar som vi kan trekke blant alle som denne dagen vil vere med å gje ei gåve til arbeidet. Vi har ikkje lov å selje basarlodd i år, sidan det ikkje er ein fysisk basar.

Eg blir glad med ei tilbakemelding snarleg på kva du kan bidra med til årets Digitale Radiomesse på tlf: 459 76 620/70154100

***Mvh Ragnhild Kristine Vartdal Espelund,
Dagleg leiar Radio Sunnmøre***



OBERAMMERGAU 2022



Pasjonsspillet i Oberammergau tiltrekker seg mange hundre tusen besøkende fra hele verden. Vi har satt opp et stort antall turer til det som er den 42. utgaven av spillet. Det ble første gang satt opp i 1634 og har blitt vist ca. hvert 10. år. Grunnet coronapandemien ble 2020-utgaven utsatt to år. Alle turer inkluderer en rekke opplevelser flere steder i Europa. Vi gleder oss veldig og håper du har lyst til å være med på tur.

AKTIVE TURER



Pilegrimsvandring med Vårt Land 21. juni 2022
Mette & Erling Rimehaug **FÅ Plasser Igjen** 7 dager

Dolomittene I **FULLTEGNET** 28. juni 2022
Kurt André Henriksen, Kørner Hoie og Geir Sandvik 8 dager

Seefeld i Tyrol **NYHET!** 5. juli 2022
Kari & Helge Standal 8 dager

Aktive dager i Tyrol **FULLTEGNET** 21. juli 2022
Johan Halsne & Aud Kindervåg Halsne 8 dager

Mayrhofen **FULLTEGNET** 28. juli 2022
Inger B. & Arne Berge 8 dager

Dolomittene II **FULLTEGNET** 23. august 2022
Dag Johansen og Jan-Olav Andreassen 8 dager

Dolomittene med Vårt Land 1. september 2022
Helge Simonnes og Geir Sandvik **FULLTEGNET** 8 dager

BUSSTURER



Zell am See og Berlin 8. juni 2022
Klaus Muff, Ingebjørg Berstad Torp og Svein Bjarne Aase 12 dager

Luther og Rhindalen 8. juni 2022
Solveig & Svein Granerud **FÅ Plasser Igjen** 12 dager
og Oddgeir Vigrestad

Zell am See og Rhindalen 17. august 2022
Ragnar Ringvoll, Aud Karin Kjølvik 12 dager
Ringvoll og Svein Bjarne Aase **FÅ Plasser Igjen**

OPPLEVELSESTURER



Gardasjøen I **FÅ Plasser Igjen** 12. mai 2022
Reidun & Kurt Hjemdal 8 dager

München, Salzburg og Wien 22. mai 2022
Rolf Gunnar Heitmann og Benedicte Heitmann 8 dager

Gardasjøen med Vårt Land **FÅ Plasser** 26. mai 2022
Jan Arild Holbek og Jan Magne Linnsund 8 dager

Salzburg I 31. mai 2022
Oddvar Søvik & Liv Kaland Fjellstad 7 dager

Tur med Sjømannskirken 7. juni 2022
Knut Erik Skarpaas og Vigdis Alte 9 dager

Praha I 15. juli 2022
Harald Svendsen og Åsmund Steinnes 7 dager

Gardasjøen IV **NYHET!** 19. juli 2022
Ingebjørg Berstad Torp m/flere 8 dager

Salzburg II 4. august 2022
Jens Petter Jørgensen og Sissel Stokset 8 dager

Gardasjøen II **FULLTEGNET** 16. august 2022
Gerd Helga & Lidvar Nygjerde 8 dager

Salzburg og Wien **FÅ Plasser Igjen** 30. august 2022
Solveig Leithaug og Kjersti Marken 8 dager

Gardasjøen III **FULLTEGNET** 6. september 2022
Wenche Lunde og Helge Hansen 8 dager

Salzburg III 13. september 2022
Mette V. & Roger Sørensen 8 dager

Praha II 20. september 2022
Ole Fritjof Godtfredsen, Steinar Tverrli og Geir Sandvik 7 dager

Ring oss på telefon 70 17 90 00
Mandag - Fredag 09:00-15:30

Se dagsprogram og meld deg på tur på vår nettside plussreiser.no

mer enn ferie

PLUSSREISER



REISEGARANTIFONDET
RGF
- rgf.no